

NORGES
IDRETTSFORBUND
Sogn og Fjordane idrettskrins



Idrettskrinstinget 2018

**Sogndal
laurdag 14. april 2018**

Innhold

Idrettskrinstinget

Program for tinget	Side	4
Saksliste	Side	5
Årsmelding 2016-2017	Side	13
Rekneskap 2016	Side	71
Rekneskap 2017	Side	85
Handlingsplan 2016-2020	Side	97

Program

45. ordinære Idrettskrinsting 14. april 2018

Laurdag 14. april

Kl. 09.30 - 10.00 Servering av rundstykker, kaffi og te utanfor tingsalen

Kl. 10.00 – 10.15 Innregistrering av representantar

**Kl. 10.15 - 10.30 Opning av det 45. ordinære Idrettskrinsting
v/leiar Nils R. Sandal
- helsingstalar**

Konstituering av tinget

Kl. 10.30 - 10.45 Sak 1.0 - 1.6 v/leiar Nils R. Sandal

Kl. 10.45 - 12.00 Sak 2.0, 3.0, 4.0, 5.0 v/dirigent

Kl. 13.00 Lunsj

Kl. 14.00 - 14.20 Sak 6.0 Handlingsplan og langtidsbudsjett 2016 - 2020
(evt. framhald etter saklista)
Innleiing:
v/leiar Nils R. Sandal

Kl. 14.20 - 15.20 Debatt – Handlingsplan og langtidsbudsjett 2016 - 2020

Kl. 15.20 - 16.00 Sak 7.0 Val - Presentasjon av valnemnda si innstilling
v/leiar i valnemnda Magne Knudsen

Kl. 16.00 Avslutning av Idrettskrinstinget v/leiar

SAKLISTE

Det 45. ordinære Idrettskrinsting

Sogndal 14. april 2018

SAKLISTE

Opning

Helsingstalar

1.0 Konstituering

- 1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane
- 1.2 Godkjenning av innkallinga
- 1.3 Godkjenning av forretningsorden
- 1.4 Godkjenning av saklista
- 1.5 Val av dirigent
- 1.6 Val av sekretærar
- 1.7 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen

2.0 Årsmelding 2016-2017

3.0 Rekneskap 2016-2017

4.0 Revisjon

- 4.1 Engasjere revisor
- 4.2 Fastsette revisor sitt honorar

5.0 Innkomne saker

5.1 Lovsaker

- 5.1.1 Regionalisering av Hordaland og Sogn og Fjordane idrettskrins

6.0 Handlingsplan og langtidsbudsjett 2016 - 2020

7.0 Val

- 7.1 Idrettskrinsstyret
- 7.2 Kontrollkomite
- 7.3 Representantar til Idrettstinget
- 7.4 Valnemnd til neste Idrettskrinsting

AVSLUTNING

SAKSHANDSAMING:

Opning Helsingstalar

1.0 Konstituering

1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane

Idrettskrinsstyret har kontrollert lista over fullmakter.

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner fullmaktene.

1.2 Godkjenning av innkallinga

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner utlagd sakliste.

1.3 Godkjenning av forretningsorden

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til forretningsorden:

1. Tinget vert leia av 1 valt dirigent.
Protokollen vert ført av dei valde sekretærane, som sjølv fordeler arbeidet seg i mellom.
2. Ønskjer ein representant ordet, varslar han dirigenten om det, og ordet vert gjeve etter tur. Ordet vert gjeve frå ein tilvist plass i salen.
3. På tinget kan ikkje handsamast framlegg om lovending som ikkje er ført opp på den utsende saklista. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte representantane vedtek det, ved godkjenning av saklista.
4. Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Taletida vert sett til 5 min første gong, 2 min andre og tredje gong, med unnatak for innleiingsforedraget og for representantar som har framlegg på saklista.
Dirigenten kan gjere framlegg om avvik frå dette i omfattande saker, t.d. Handlingsprogram.
Representantar som forlangar ordet til forretningsorden har 1 min taletid.
Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og strek for dei inntegna talarane.
5. Alle framlegg må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkast attende og nye framlegg kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Framlegg kan berre gjerast i saker som står på saklista.

6. Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.
7. Framlegg og vedtak vert ført inn i protokollen, med tal på avleverte stemmer for og i mot.
8. Protokollen vert gått gjennom og underskriven av 2 – to - valte representantar.

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner forretningsorden.

1.4 Godkjenning av saklista

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner utlagd sakliste.

1.5 Val av dirigent:

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til val av dirigent: Cecilie Thaule Løvlid

Framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av dirigent.

1.6 Val av sekretærar

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til val av sekretærar:

Ingrid Narum (Tilsett ved idrettskrinsen sitt kontor)

Vara: Erling Benjaminsen (Tilsett ved idrettskrinsen sitt kontor)

Framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av sekretærar.

1.7 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.

Framlegg til

Vedtak: Idrettskrinsstyret gjer framlegg på tinget.

2.0 Årsmelding 2016-2017

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner årsmeldinga for 2016-2017.

Bakgrunn:

Idrettskrinsstyret la fram for tinget årsmelding for 2016-2017 til godkjenning.

3.0 Rekneskap 2016-2017

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinsstinget godkjenner framlagd rekneskap for 2016-2017.

Bakgrunn:

Rekneskap for 2016-2017 er tekne inn i årsmeldinga.

Idrettskrinsstyret syner til meldingar frå tilsett revisor og kontrollkomiteen, tekne inn i årsmelding.

4.0 Revisjon

4.1 Engasjere revisor

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettskrinsen sitt rekneskap.

Bakgrunn:

I følge NIF-lov § 5-9, pkt. g og SFIK - lov § 14 pkt. (1) h, skal idrettskrinstinget engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettskrinsen sitt rekneskap.

4.2 Fastsetting av revisor sitt honorar

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å fastsette revisor sitt honorar.

5.0 Innkomne saker

5.1 Lovsaker

5.1.1 Regionalisering av Hordaland og Sogn og Fjordane idrettskrins

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å starte arbeidet med å regionalisere Hordaland og Sogn og Fjordane idrettskrins frå 01.01.2020. Styret må gjere nødvendige førebuingar for å sikre Sogn og Fjordane idrettskrins sine interesser i arbeidet med å regionalisere idrettskrinsane. Sikre at rammevilkår og oppfølging av idretten i Sogn og Fjordane blir like god eller betre etter at regionaliseringa er gjennomført.

Bakgrunn:

Stortinget har vedteke at Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune skal slå seg saman frå 1. januar 2020.

Idrettstinget 2015 vedtok, under behandling av Idrettspolitisk dokument 2015-2019, at følgande tiltak skal stå sentralt: "Strukturelle endringar for å tilpasse organisasjonen til statens forvaltningsreform dersom denne gjennomførast i tingperioden".

NIF forventar at når fylker slår seg saman, skal dei tilhøyrande idrettskretsane gjere det same. Det vil være naturleg at samanslåinga skjer med virkning frå same dato som for fylka. Pr. no er det kun Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag som har slått seg saman, til Trøndelag idrettskrets med virkning frå 01.01.2018.

Med bakgrunn i vedtak fatta av Stortinget og Idrettstinget, legg Sogn og Fjordane idrettskrins til grunn at Hordaland idrettskrets og Sogn og Fjordane idrettskrins slår seg saman med verknad frå 01.01.2020.

Styra i dei to idrettskretsane har hatt eit felles møte i februar 2018. Vidare arbeid er avhengig av positivt vedtak på begge idrettskrinstinga.

Dersom Hordaland idrettskrets og Sogn og Fjordane idrettskrins blir ein idrettskrins frå 01.01.2020, vil det ha som konsekvens at det styret som blir valt på idrettskrinstinget i 2018, vil fungere fram til 31.12.2019. Det vil måtte gjennomførast ekstraordinært idrettskrinsting hausten 2019 der nødvendige vedtak vert fatta for at den nye idrettskrinsen skal vere operativ frå 01.01.2020.

6.0 Handlingsplan og langtidsbudsjett 2016 - 2020

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget vedtek rullert Handlingsplan 2016-2020 og ber idrettskrinsstyret, særkrinsar, særiddrettar, idrettsråd og idrettslag følgje opp hovudutfordringar, hovudmål og delmål i planen. Langtidsbudsjett 2018-2019 blir lagt til grunn for det vidare arbeidet.

Bakgrunn:

Idrettskrinsstyret legg fram rullert handlingsplan med langtidsbudsjett for tingperioden 2016 - 2020.

Handlingsplan 2016-2020 er ein felles handlingsplanen for idrettsorganisasjonane i Sogn og Fjordane, som legg retninga og mål på fellesidrettslege innsatsområde i organisasjonsledda sitt arbeid med å vidareutvikle og styrke idrettstilbodet for medlemmane.

Visjonen «Gode i hop» skal prege idretten i Sogn og Fjordane. Den skal gi retning for fellesskap og inkludering, å arbeide saman om felles mål og å tilby kunnskaps- og verdibaserte aktivitetstilbod til medlemmane.

Ved å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten, kan vi betre løyse ut den beste innsatsen som gir vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket. Saman skal vi gjere vårt beste for å skape trygge oppvekstmiljø og vennskap, yte aktivitetstilbod etter ønskje frå medlemmane og spreie idrettsglede.

I framlegget til Handlingsplan 2016-2020 har idrettskrinsstyret lagt opp til at idretten i Sogn og Fjordane set særleg fokus på gode rammevilkår for idretten i fylket, styrke og utvikle idrettslaga og idrettsråda, og at fleire ungdom vel å vere aktiv og får utvikle seg i idrettslaga.

7.0 Val

Valnemnda sitt framlegg:

7.1 Idrettskrinsstyret

Leiar:	Nils R. Sandal	Byrkjelo	Attval
Nestleiar:	Arve Heimdal	Jølster	Attval
Styremedlem:	Ruth-Sølvi Helland	Florø	Attval
Styremedlem:	Lilly Schøyen	Sogndal	Attval
Styremedlem:	Emil Hillestad	Årdal	Ny
1. varamedlem:	Ingrid Heien	Sandane	Attval
2. varamedlem:	Stian Grimseth	Naustdal	Attval

7.2 Kontrollkomité

Medlem:	Terje Gjertsen	Førde	Attval
Medlem:	Björg Eikum Tang	Sogndal	Attval
Varamedlem:	Ann Kristin S. Vindheim	Førde	Attval
Varamedlem:	Terje Vallestad	Viksdalen	Attval

7.3 Representantar til idrettstinget

Framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å nemne opp representantar til Idrettsting og eventuelle ekstraordinære Idrettsting.

7.4 Valnemnd til neste idrettskrinsting

Idrettskrinsstyret sitt framlegg:

Leiar:
Medlem:
Medlem:
Varamedlem:

SLUTT



KlubbAdmin

*Idrettens nye og enkle løsning
for medlemsadministrasjon!*

KlubbAdmin hjelper klubben med å

- administrere medlemmer
- holde orden på familierelasjoner
- sende e-post/sms til medlemmer
- kreve inn kontingenter, treningsavgifter mm.

Online betaling

Send elektroniske betalingskrav til medlemmene. Dette gir enklere oversikt over utsendelser og rimeligere innkreving av kontingenter. Vi tilbyr det rimeligste alternativet for online betalingsløsning i markedet.

Nettbasert løsning

KlubbAdmin er en enkel og sikker nettbasert løsning – krever ingen lokal installasjon av programvare. Dette betyr at du har tilgang til KlubbAdmin hvor som helst og når som helst – så lenge du har påloggingsinformasjon og tilgang til internett.

Flere gode grunner til å velge KlubbAdmin:

- gratis for idrettslag
- integrert med idrettens øvrige systemer
- enkel innmelding/utmelding for medlemmene via Min idrett
- integrert mot idrettens nasjonale medlemsregister
- håndterer den fremtidige idrettsregistreringen

klubbadmin.nif.no

tlf. 03615

support@idrettsforbundet.no

Besøk vår nettside klubbadmin.nif.no

Her finner du mer informasjon, veiledninger og skjermbilder. Ta gjerne kontakt med oss dersom du har spørsmål på tlf 03615 eller e-post support@idrettsforbundet.no

KlubbAdmin er levert av



NORGES
IDRETTSFORBUND
Sogn og Fjordane idrettskrets



Årsmelding *2016-2017*

ÅRSMELDING 2016-2017 FOR SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

1.0. ORGANISASJON	17
1.1 Idrettskrinsen	17
1.1.1 Møte og sakshandsaming	17
1.1.2 Tillitsvalde	18
1.1.3 Tilsette.....	19
1.1.4 Representasjon og møte i idrettsorganisasjonane	19
1.1.5 Idrettens hus	22
1.1.6 «Årets frivillig i fylket».....	23
1.1.7 «Årets unge ildsjel».....	25
1.2 Idretten – lov og organisasjon	26
1.3 Kommunikasjon i organisasjonen	26
1.4 Medlemsutvikling	26
1.5 Idrettslag – nye lag – strokne lag	27
1.6 Politattest	28
1.7 Antidopingarbeid	28
1.8 Kompensasjonsordningar for meirverdiavgift	29
1.9 Grasrotandelen	30
2.0 INNSATSOMRÅDA	31
2.1 Idrettsmål	32
2.1.1 Barneidrett.....	32
2.1.2 Ungdomsidrett.....	34
2.1.3 Vaksenidretten.....	43
2.1.4 Idrett for menneske med funksjonsnedsetting	45
2.1.5 Inkludering	46
2.1.6 Andre utdannings-/utviklingstiltak.....	48
2.2 Organisasjonsmål	50
2.2.1 Idrettslaga – idrettsråda – særkrinsane/regionane – den frivillig innsats.....	50
2.2.2 Kompetanseutvikling	59
2.3 Rammevilkår	64
2.3.1 Idrettsanlegg.....	64
2.3.2 Finansiering.....	66
2.3.3 Politisk påverknad	66
2.4 Idrett – samfunn – samhandling	67
2.4.1 Idretten sitt samfunnsansvar	67
2.4.2 Samhandling med Sogn og Fj. Fylkeskommune	68
2.4.3 Idrettsfaglege samhandlingspartar - Høgskulen på Vestlandet og Olympiatoppen Vest.....	69
2.4.4 Tverridretsleg samhandling på regional og lokalt nivå	70

ÅRSMELDING 2016-2017

SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

Idrettskrinsstyret 2016-2018



Styreleiar
Nils R. Sandal



Nestleiar
Arve Heimdal



Styremedlem
Martine Viken



Styremedlem
Ruth-Sølvi Helland



Styremedlem
Lilly Schøyen



Varamedlem
Ingrid Heien



Varamedlem
Stian Grimseth

Idrettskrinsstyret summerer opp perioden

Sogn og Fjordane idrettskrins går inn i sitt 99. år, og er med sine 192 idrettslag, 16 idrettsråd og nærmare 45 000 medlemmar den største frivillige organisasjonen i Sogn og Fjordane.

Idrettskrinsen er eit servicesenter for idrettslaga og idrettskrinsen skal styrke idretten si rolle og betre idrettslaga sine rammevilkår.

Idretten i Sogn og Fjordane er ei viktig merkevare for fylket vårt, og det er ei imponerende breidde i aktivitetstilbodet i idrettslaga våre. Fylket har mange gode prestasjonsmiljø som jamleg får fram utøvarar, trenarar og leiarar som hevdar seg på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Frivilligheita står framleis sterkt, men vi opplever at den er i endring. Tilbakemeldingane frå organisasjonen er at det er færre som vil ta på seg dei tyngste verva i idretten, det er lettare å rekruttere til avgrensa konkrete oppgåver. Samla sett har frivilligheita i idretten aldri vore større enn den er i dag, over 40 % av innbyggjarane i Sogn og Fjordane er medlem i eit idrettslag. Det er viktig at vi alle vernar om og tek vare på eldsjelene ute i idrettslaga.

DEN ØKONOMISKE VERDISKAPINGA idretten tilfører fylket, utgjør ein viktig faktor for både arbeidsplassar og næringsinntekter.

Denne verdiskapinga skjer t.d. gjennom anleggsutbygging, idretten sin bruk av transport og overnattingsbedrifter, og leveransar til idrettsarrangement. Større idrettsarrangement og profilerte idrettsutøvarar/prestasjonsmiljø gir òg ein klar, positiv marknadsføringseffekt for fylket.

DEI ØKONOMISKE RAMMEVILKÅRA for idrettslaga er styrka i perioden. Ved politisk og felles idrettspolitisk innsats, har norsk idrett fått auka økonomioverføringane til idrettslaga gjennom alle dei fire etablerte kompensasjons- og tilskotsordningane. Dei fire ordningane er lokale aktivitetsmidlar (LAM), momskompensasjon varer og tenester, momskompensasjon idrettsanlegg og grasrotandelen.

Idrettskrinsen har følgd opp arbeidet med å styrke dei økonomiske rammevilkåra for idretten i fylket ved møte med politikarar og administrasjon i fylkeskommunen.

SAMHANDLING og å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten i fylket, har lege til grunn for idrettskrinsen sitt arbeid på prioriterte innsatsområde i perioden.

Å gjere kvarandre gode, hente læring og erfaring på tvers og tilføre etterspurt fellesidrettsleg kunnskap, er viktige føresetnader for vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket.

Styret har hatt stort fokus på tiltak som fag- og dialogmøter med særkrinsane og regionane våre. Vi har vore mykje rundt i organisasjonen på møte med idrettslag og idrettsråd, dette har styrka samhandlinga på tvers og arbeidet for å nå felles mål.

Styret meiner at samhandling og samarbeidet i idretten har blitt ytterlegare forbetra i perioden, og etablering av Idrettens møteplass i 2017 var eit viktig tiltak som vi ynskjer å etablere som ein fast møtearena.

Vi vil rette stor takk til alle våre idrettsvenner i heile fylket og til alle våre samarbeidspartar for flott engasjement og innsats for idretten i 2016-2017.

1.0. ORGANISASJON

1.1 Idrettskrinsen

1.1.1 Møte og sakshandsaming

Idrettskrinstinget 2016

Idrettskrinstinget 2016 vart halde i Florø 9. april med totalt 51 deltakarar (med gjester og administrasjon).

Årsmelding og protokoll finn ein på heimesida.

Link: <https://www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/sogn-og-fjordane-idrettskrins/om-idrettskrinsen1/idrettskrinsting>

Ekstraordinært idrettskrinsting 2016

Det vart halde ekstraordinært idrettskrinsting på Idrettens hus i Førde 15. desember 2016. Saka gjaldt kjøp og sal av forretningsseigedom og sal av aksjar.

Idrettskrinsstyret vurderte at desse transaksjonane vil kunne falle inn under idrettskrinsen si lov § 11.7: **«Disposisjonar, medrekna låneopptak, av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettskrinsen sin storleik og verksemd skal vedtakast av idrettskrinstinget».**

Tinget gav styret fullmakt til handsaming av transaksjonar vedrørande kjøp og sal av forretningsseigedom og sal av aksjar.

Møte i idrettskrinsstyret

Styret i Sogn og Fjordane idrettskrins har i perioden hatt 13 møter og handsama 55 saker.

Styret gjennomførte strategisamling i lag med administrasjonen i Førde 21.-22. juni 2016.

Idrettsstyret hadde styremøte i Førde 14.-15. april 2016 i høve EM arrangementet i vektløfting.

Idrettspresident Tom Tvedt var på besøk på Idrettens hus 10. februar 2017.

Styret har god dialog med «fadder» Marit Roland i idrettsstyret.

Saker som har vore jobba med i tingperioden:

- Realisere måla i Handlingsplan 2016-2020
- Samarbeid med idrettsråd og særkrinsar/regionar.
- Samarbeid med offentlege myndigheiter og utdanningsinstitusjonar.
- Lov og organisasjonssaker
- EM-vektløfting Førde 10.-16. april 2016
- Gjennomføring av fakkemarkering i Stryn 22. januar 2016 i samband med Ungdoms-OL 2016.
- OLT Vest finansiering
- Oppfølging spissa idrettstilbod i vidaregåande skule.
- Deltaking på leiarmøter, krinsleiarmøter og dialogmøter i NIF
- Deltaking i Stortingsvalkampen 2017
- Markere idretten som ein viktig samfunnsaktør og verdiskapar i Sogn og Fjordane.
- Oppstart av regionalisering av Hordaland og Sogn og Fjordane, innspel til intensjonsplan for samanslåinga. Fellesmøte med Hordaland IK.
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019

- Politisk påverknad og styrking av rammevilkåra for idretten i Sogn og Fjordane.
- Styrking av rammevilkår for idrettskrinsane.
- Utviklingavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune

Høringar og innspel:

Sogn og Fj. fylkeskommune	- Høring planstrategi - Høring intensjonsplan ny Vestlandsregion - Innspel til fellesnemnda om organisering idrettsfeltet i den nye regionen
NIF	- Høring utviklingsplanar - Spelemiddelsøknad 2017 - Programkomiteen for IK - rammevilkår for idrettskrinsane - Innspel til krinsleiar møtet/programkomiteen - Spelemiddelsøknad 2018, felles frå idrettskrinsane - Uttale om tillit til Idrettsstyret

1.1.2 Tillitsvalde

Idrettskrinsstyret

Leiar:	Nils R. Sandal	Byrkjelo
Nestleiar:	Arve Heimdal	Stårheim
Styremedlemmer:	Martine Viken	Viksdalen
	Ruth-Sølvi Helland	Florø
	Lilly Schøyen	Sogndal
Varamedlemmer:	Ingrid Heien	Sandane
	Stian Grimseth	Naustdal

Revisjon

Engasjert revisor:	PricewaterHouseCoopers	Førde
Kontrollkomite:	Terje Gjertsen	Førde
	Björg Eikum Tang	Sogndal
Varamedlemmer:	Ann Kristin S. Vindheim	Førde
	Terje Steinar Vallestad	Viksdalen

Valnemnd

Leiar:	Magne Knudsen	Årdal
Medlemmer:	Siss May Edvardsen	Naustdal
	Jorunn Åsfrid Røyrvik	Vik
Varamedlem:	Sindre Roska	Førde

1.1.3 Tilsette

Tilsette i Sogn og Fjordane idrettskrins

Ved utgangen av 2017 hadde Sogn og Fjordane idrettskrins tre tilsette fordelt på 3 årsverk. I perioden har Sogn og Fjordane idrettskrins hatt disse tilsette:

Tittel	Namn	Tilsett	Still. andel
Organisasjonssjef	Anne Leversund	01.09.12 -	100 %
Plan- og utviklingsleiar	Ingrid Narum	01.09.14 -	100 %
Fagkonsulent	Ingar Breilid	01.06.76 – 31.05.16	50 %
Økonomikonsulent	Erling Benjaminsen	05.07.99 -	100 %

Tilsette i særkrinsar/regionar og særforbund

Ved utgangen av 2017 hadde særiddrettane ti tilsette i Sogn og Fjordane fordelt på fem særkrinsar/regionar og 8,4 årsverk.

Tittel		Namn	Still. andel
Dagleg leiar	Sogn og Fj. Friidrettskrins	Asgeir Årdal	60 %
Administrasjonssjef	Sogn og Fj. Skikrins	Yngve Thorsen	100 %
Krinstrenar alpint	Sogn og Fj. Skikrins	Even Hole	40 %
Seriekonsulent Sogn og Fjordane	NHF Region Vest	Oddny Grete Njøten	100 %
Regionkonsulent	NVBF Region Sogn og Fj.	Daniel Rød	40 %
Dagleg leiar	NFF Sogn og Fj.	Svein Olav Myklebust	100 %
Spelar -og trenarutviklar	NFF Sogn og Fj.	Jan Tore Jåstad	100 %
Klubbutviklar	NFF Sogn og Fj.	Anders Veibust	100 %
Dommar- og seriekonsulent	NFF Sogn og Fj.	Yngve Håkonsen	100 %
Aktivitets og arr. ansvarleg	NFF Sogn og Fj.	Hildegunn Hove	100 %

1.1.4 Representasjon og møte i idrettsorganisasjonane

Representantar i nemnder, råd eller utval

Anne Leversund: Samarbeidsutvalet NIF 2016-2017

Nils R. Sandal: Styremedlem EM 2016 AS

Nils R. Sandal og Anne Leversund: Hovudkomiteen for EM-vektløfting 2016

Eigen representasjon og deltaking i andre sine møte

Idrettskrinsstyret har representert på leiarmøta i NIF og andre sentrale møte i NIF, møte med Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunar, på politisk og administrativt nivå.

Idrettskrinsstyret og/eller administrasjonen har vore representert på særkrins-/regionstinga, på årsmøta i idrettsråda, ved jubileumsarrangement i idrettslag og møte elles med organisasjonsledda og andre.

2016

Type	Stad/organisasjon	Dato	Representant
Idrettsgalla NIF	Håkons Hall/ Lillehammer	09.01.16	Nils R. Sandal
Fakkemarkering Ungdoms-OL	Stryn	22.01.16	Sandal/Leversund/Narum
Sogndal IL 90-års jubileum	Sogndal kulturhus	30.01.16	Ingrid Narum
Krinsleiar møte, Ungdoms-OL	Lillehammer	19-21.02.16	Sandal/Leversund
Årsmøte	Sogndal idrettsråd	23.02.16	Anne Leversund
Krinsting S & Fj Orienteringskrins	Skei	27.02.16	Arve Heimdal
Krinsting S & Fj Vektløftarkrins	Naustdal	27.02.16	Ingrid Narum
Krinsting S & Fj Rytarkrins	Skei	28.02.16	Lilly Schøyen
Årsmøte	Stryn idrettsråd	01.03.16	Nils R. Sandal
Krinsting S & Fj Symjekrins	Eid	12.03.16	Ingrid Narum
Årsmøte	Vågsøy idrettsråd	14.03.16	Ingrid Narum
Årsmøte	Askvoll idrettsråd	15.03.16	Ruth-Sølvi Helland
Sjumilsstegkonferansen Fylkesmannen S & Fj	Loen	17.03.16	Ingrid Narum
Krinsting S & Fj Friidrettskrins	Skei	03.04.16	Nils R. Sandal
Årsmøte	Selje idrettsråd	04.04.16	Ingrid Narum
Årsmøte	Gloppen idrettsråd	05.04.16	Ingrid Narum
Årsmøte	Førde idrettsråd	07.04.16	Ingrid Narum
Idrettskrinsting/fagseminar	Florø	08-09.04.16	Styret + adm.
Opning EM-vektløfting 2016	Førdehuset	10.04.16	Sandal/Viken/Leversund/Narum
Styremøte/verdiseminar Idrettsstyret NIF	Førde	14.04.16	Sandal/Leversund
Årsmøte	Årdal idrettsråd	20.04.16	Ingar Breilid
Regionting NVBF S & Fj	Skei	21.04.16	Anne Leversund
Årsmøte	Fjaler idrettsråd	21.04.16	Ingrid Narum
Årsmøte	Høyanger idrettsråd	25.04.16	Anne Leversund
Idrettspolitisk styreleiarforum NIF	Gardermoen	28.04.16	Nils R. Sandal
Gullhandballfest	Førde	30.04.16	Martine Viken
Opning klatrevegg Sunnfjord IL	Førde	11.05.16	Ingrid Narum
Krinsleiar møte NIF	Gardermoen	20.05.16	Sandal/Leversund
Regionting NHF Region Vest	Bergen	21.05.16	Ruth-Sølvi Helland
Årsmøte	Vik idrettsråd	02.06.16	Ingrid Narum
Ledermøte NIF	Fornebu	3-4.06.16	Sandal /Leversund
Årsmøte	Flora idrettsråd	07.06.16	Anne Leversund
Anleggskonferanse S & Fj fylkeskommune	Skei	09.06.16	Sandal/Schøyen/Narum/Leversund
Vår møte S & Fj Skikrins	Skei	09.06.16	Lilly Schøyen
Fag/dialogmøte IK/SK	Skei	13.06.16	Sandal /Schøyen + adm.
Årsmøte	Luster idrettsråd	16.06.16	Ingrid Narum
Fysak seminar S & Fj fylkeskommune	Værlandet	29-30.08.16	Leversund/Narum
NIF Styreleiar skule	Fornebu	02.09.16	Nils R. Sandal
Kretsledermøte NIF	Kirkenes	23-25.09.16	Sandal/Leversund
Hovudutval for næring og kultur S & Fj fylkeskommune	Kaupanger	27.09.16	Sandal/Leversund
Dialogmøte idrettsråd	Skei	04.10.16	Sandal/Heien/Helland + adm.
Evalueringsmøte EM-2016	Førde	06.10.16	Anne Leversund
Haustmøte S & Fj Skikrins	Skei	07.11.16	Ingrid Narum
«Opptur» Sparebanken S & Fj	Flora samfunnshus	15.11.16	Leversund/Narum
Grenselaus idrettsdag 2016	Førdehuset	19.11.16	Sandal/Heimdal/Helland + adm.
Miljøhelg NFF S & Fj	Scandic Sunnfjord	26.11.16	Nils R. Sandal

Nasjonalt idrettskonferanse NIF	Trondheim	01-02.12.16	Lorentz Fannemel
Fellesforum NIF	Ullevål	08.12.16	Anne Leversund
Ekstraordinært idrettskrinsting	Idrettens hus	15.12.16	Styret + adm.
Mottaking Kjerstin Boge Solås	Dale	22.12.16	Nils R. Sandal

2017

Type	Stad/organisasjon	Dato	Representant
Idrettsgalla NIF	Hamar	07.01.17	Sandal /Leversund
Leiarmøte S & Fj Orienteringskrins	Skei	03.02.17	Arve Heimdal
IL Høyang 100-års jubileum	Høyanger	16.02.17	Nils R. Sandal
Krinsting S & Fj Vektøftarkrins	Byrkjelo	28.02.17	Ingrid Narum
IL Bjørn 50 års jubileum	Gaupne	01.03.17	Lilly Schøyen
Årsmøte	Askvoll idrettsråd	01.03.17	Ingrid Narum
Fag/dialogmøte IK/SK	Skei	13.03.17	Nils R. Sandal + adm.
Dagleg leiarmøte SK	Skei	13.03.17	Anne Leversund
Krinsting S & Fj Gymn.- og Turnkrins	Skei	19.03.17	Nils R. Sandal
Styreleiarforum NIF	Gardermoen	22.03.17	Sandal/Leversund
Årsmøte	Stryn idrettsråd	22.03.17	Ingrid Narum
Årsmøte	Høyanger idrettsråd	27.03.17	Ingrid Narum
Årsmøte	Førde idrettsråd	03.04.17	Ingrid Narum
Styremøte S & Fj Skikrins	Skei	04.04.17	Sandal/Leversund
Årsmøte	Sogndal idrettsråd	05.04.17	Leversund/Narum
Mottaking Jon Rolf Skamo Hope	Hyen	12.04.17	Nils R. Sandal
Årsmøte	Årdal idrettsråd	19.04.17	Ingrid Narum
Regionting NVBF S & Fj	Scandic Sunnfjord	26.04.17	Ingrid Narum
Årsmøte	Luster idrettsråd	27.04.17	Lilly Schøyen
Krinsleiarforum NIF	Gardermoen	28.04.17	Sandal /Leversund
Årsmøte	Eid idrettsråd	09.05.17	Anne Leversund
Årsmøte	Vågsøy idrettsråd	10.05.17	Ingrid Narum
NIF ledermøte	Bodø	12-13.05.17	Sandal/Leversund
Årsmøte	Gloppen idrettsråd	30.05.17	Ingrid Narum
Årsmøte	Fjaler idrettsråd	30.05.17	Anne Leversund
Krinsting S & Fj Skikrins	Skei	17.06.17	Nils R. Sandal
Styremøte S & Fj Skiskyttarkrins	Ullsheim	07.09.17	Leversund/Narum
Årsmøte	Flora idrettsråd	26.09.17	Ingrid Narum
Kretsledermøte NIF	Bergen	29.09-01.10.17	Sandal/Leversund
Opning rulleskianlegg Langeland	Langeland	15.10.17	Arve Heimdal
Dagleg leiarmøte SK	Idrettens hus	17.10.17	Anne Leversund
Anleggskonferanse S & Fj fylkeskommune	Skei	18.10.17	Leversund/Narum
Grenselaus idrettsdag 2017	Førdehuset	28.10.17	Administrasjon
Fellesmøte Hordaland/regionalisering	Idrettens hus	07.11.17	Sandal /Leversund
Krinsleiarforum NIF	Ullevål	08.11.17	Anne Leversund
Idrettens Møteplass	Sogndal	11.11.17	Styret + adm.
Krinsting NFF S & Fj	Scandic Sunnfjord	25-26.11.17	Arve Heimdal
Europacupkamp Førde VBK	Førdehuset	29.11.17	Sandal + adm.

1.1.5 Idrettens hus

Sogn og Fjordane idrettskrins held til på «Idrettens hus» i Concordbygget i Førde. Lokala er del av eit sameige/eigarseksjon i eit større næringsbygg sentralt i Førde.

Eigarseksjonen var eigd av Sofik AS, som var 100 % eigd av Sogn og Fjordane idrettskrins.

Etter vedtak på ekstraordinært idrettskrinsting 15.12.2016 selde Sofik AS eigarseksjonen på 573 m² i Concordbygget.

Sogn og Fjordane idrettskrins kjøpte ein annan eigarseksjon på 250 m² i same etasje og same bygg. Idrettens Hus er no eigd av Sogn og Fjordane idrettskrins. Idrettskrinsen tok i bruk dei nyoppussa kontorlokala i februar 2017.

Forutan idrettskrins sine egne tilsette stiller idrettskrinsen kontorplass til disposisjon for Sogn og Fjordane Friidrettskrins, Sogn og Fjordane Skikrins, NHF Region Vest og NVBF Region Sogn og Fjordane på Idrettens hus.

2 ekstra kontor er p.t. utleige til ekstern leigetakar.

Sogn og Fjordane idrettskrins selde aksjane sine i Sofik AS til stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling.

1.1.6 «Årets frivillig i fylket»

Idrettskrinsstyret innstifta i 2014 ein pris for å heidre dei som har gjort ein stor frivillig innsats for idrettslaget sitt og lokalmiljøet sitt.

Med bakgrunn i at Idrettsstyret vedtok at 2016 skulle vere «Idrettens ungdomsår» og utfordringa om å setje eit ekstraordinært fokus på ungdomsidretten dette året, valde Idrettskrinsstyret å heidre dei unge sin innsats for idretten gjennom å tildele prisen for 2016 til ein frivillig under 26 år.

Kriteria for å vurdere kandidatar:

- Ho/han er under 26 år gamal
- Har gjort ein solid innsats for idretten
- Legg vekt på samhandling, trivsel og meistring i sitt idrettsmiljø
- Ho/han kan vere leiar, trenar eller ha andre frivillige oppgåver

Idrettslag, idrettsråd og særkrinsar/regionar kunne nominere kandidatar.

Elisabeth K. Vindfjell frå Eid Symjeklubb vart tildelt prisen for 2016 under Idrettskrins-tinget i Florø.

Grunngjeving for tildelinga:

Elisabeth starta som hjelpar på symjekurs då ho var 11 år, og utdanna seg til instruktør det året ho vart 14 år og starta som trenar for dei yngste i klubben. Ho tok «Leiarkurs for ungdom» då ho var 15 år og kom etter dette inn i styret i Eid Symjeklubb som representant for symjarane, eit verv ho no har hatt i 2 år. I etterkant av «Leiarkurs for ungdom» vart Elisabeth plukka ut til å vere med som frivillig under Ungdoms-OL på Lillehammer 2016. Sjølv om ho i år har vore mykje engasjert med Ungdoms-OL, har ho stilt opp som trenar ved behov.

Ho er ei engasjert jente, eit samlingspunkt i klubben, eit førebilde for barn og unge som dei ser opp til, og ho har tileigna seg mykje kunnskap som trenar og styremedlem i klubben.

Vi ser på ho som ein ressursperson.



For 2017 valde styret å samordna utmerkinga med fylkesvinnar av den nasjonale prisen «Årets ildsjel» som delast ut på Idrettsgallaen.

Kriteria for å bli nominert:

- Vedkommande har gjort ein solid innsats for idretten
- Ho/han kan vere enten trenar, tillitsvalt eller ha andre verv i idretten
- Ikkje vere heiltidstilsett

Det var ope for alle å nominere kandidatar, og idrettsorganisasjonane i fylket vart særskilt oppmoda. Fylkesvinnaren av prisen «Årets ildsjel» vart Atle Steinar Solheim, Selje idrettslag. Han var òg ein av dei fem finalistane, og var til stades under Idrettsgallaen i januar 2017.

Atle Steinar Solheim frå Selje idrettslag fekk prisen for 2017. Denne vert delt ut på Idrettskrinstinget i Sogndal i 2018.

Grunngjeving for tildelinga:

Atle har sidan 1994 vore leiar i Selje IL fotballgruppa og med mange andre oppgåver og funksjonar. Dei fleste åra han har vore leiar har han òg vore utdanningsansvarleg, og i ein periode sitte som leiar for prosjekt klubb utvikling og som styremedlem i idrettslaget. I tillegg har han vore trenar for ulike lag i perioden 1984-2009, alt frå aldersgruppa 7 år og opp til A-laget. Ansvarer som leiar for Seljecup har han hatt sidan oppstarten i 1995. Dette er eit stort arrangement for aldersbestemt årsklassar med opp mot 140 lag og 1200 spelarar frå ca. 40 klubbar. I tillegg har han vore leiar for Selje sine Tine Fotballskule-arrangement i 12 år (2005-2016). Atle har vore med på Fair Play arbeidet i idrettslaget med m.a. utarbeiding av handlingsplan og haldningskontraktar, som har gjort at Selje vart Årets Fair Play klubb i Sogn og Fjordane i 2012, 2013 og 2015. Han har òg vore ansvarleg og delaktig i ulike tiltak og aktivitetar frå 1994-2016, som sesonghefte Selje IL-Fotball, heimeside Seljecup, dugleiksmerke, kamparrangement, sponsorarbeid, diverse inntektsbringande tiltak osv. Han har vore leiar for anleggsutviklinga i Selje dei siste 23 åra. Som leiar for utarbeiding av uttalar til kommunedelplan og spelemiddelsøknader, leiar for planleggingskomitear, og leiar og medlem av driftsstyret Selje Idrettspark (2003-2016).

Noko av alt det som kjenneteiknar Atle som klubbleiar er at han tek ansvar, er vedtaksdyktig, tydeleg og uredd.



Foto: Cathrine Dokken

1.1.7 «Årets unge ildsjel»

Lorentz Fannemel, Hornindal idrettslag, vart kåra til fylkesvinnar i Sogn og Fjordane til prisen «Årets ildsjel» i 2016 som vart delt ut på Idrettsgallaen, og som denne gongen skulle gå til ei eldsjel under 26 år. Som fylkesvinnar vart Lorentz ein av fakkkelberarane under opningsseremonien til Ungdoms-OL på Lillehammer.

Lorentz Fannemel frå Hornindal idrettslag vart heidra under fakkkelmarkeringa i Stryn i januar 2016.

Grunngjeving for tildelinga:

Lorentz har vore hopptrenar for unge og ungdomar i lokalmiljøet, både barmark- og hopptrening, frå 2013 etter han var ferdig på NTG. Han har reist rundt i fylket med minihoppbakken til skikrinsen for å vise fram og rekruttere til hoppidretten i fylket, og har reist med utøvar på konkurransar. Han har prøvd å rekruttere fleire inn i hoppmiljøet, og har måtte lagt ned mykje innsats for å legge til rette for hopping og ønskje om å utvikle Bjørkelibakken i Stryn. Dette for å gjere det meir tilgjengeleg for fleire å begynne og drive med hopp.

Lorentz har inkludert andre idrettar lokalt i treningar han har stått for, ser lenger enn berre sin eigen idrett hopp, og vil inkludere alle uansett nivå og ambisjon. Desse treningane er eit døme på ein modell for korleis legge opp og organisere treningar på tvers. Han er ein svært engasjert trenar som bryr seg om utøvarane, er open og inkluderande, og trivst med å trene ungdomar. Han er sjølv lært som trenar, har teke med seg mange idear frå tida på NTG, ønskjer å dele det han sjølv ha lært og erfart, og å gi noko tilbake til hoppmiljøet etter sjølv å ha vore aktiv. No studerer han i Trondheim der Trønderhopp har vist interesse for å ha han med som trenar, og held framleis kontakten med miljøet heime.

Lorentz er eit godt forbilde og ein flott eldsjel-representant frå Sogn og Fjordane.



Foto: Cathrine Dokken

1.2 Idretten – lov og organisasjon

Idrettskrinsen har eit dagleg oppfølgingsarbeid ovanfor idrettslag og idrettsråd på lovtekniske og ulike forvaltningsmessige sider ved organisasjonsarbeidet.

Av konkrete oppgåver knytt til området tek vi med:

- Deltaking i NIF sine skuleringsseminar i sakshandsaming og lov- og domsspørsmål.
- Oppdatering av lover for idrettslag og idrettsråd med rettleiing i høve praksis.
- Rettleiing i høve kjønnsbalanse i organisasjonsledda sine styre og ved årsmøte.
- Kvalitetssikring av samordna rapportering overfor idrettslaga.
- Følgd opp idrettsråda i høve funksjon og ansvarsområde.

1.3 Kommunikasjon i organisasjonen


Det er ei utfordring for idrettskrinsen å nå ut med informasjon gjennom idrettslaga til målgruppene for ulike tiltak og tilbod.

Idrettskrinsen har i perioden lagt vekt på å styrke informasjonssida med tett oppfølging av nettsida www.idrettskrinsen.no, hyppige oppdateringar på eige facebook-side og sendt ut regelmessig «Nytt frå Idrettskrinsen» til alle organisasjonsledd.

Oppfordringa ligg i at alle idrettslag, idrettsråd og særkrinsar/regionar distribuerer vidare informasjon til sine medlemar og sitt nettverk.

1.4 Medlemsutvikling

Figuren syner utviklinga i medlemsmassen i Sogn og Fjordane fordelt på kjønn for perioden 1983-2016. Tala er basert på idrettsregistreringa pr. 31.12.16 (2016 er det siste året det er mogleg å hente ut tal til årsmeldinga).



Medlemstalet i dei 188 idrettslaga var pr. 31.12.16 44 257 medlemmar som tilsvarar 40,1% av innbygarane i Sogn og Fjordane.

Det er viktig framover at idrettslaga held oppe sitt gode arbeid med å rekruttere medlemmar for å oppretthalde det høge nivået vi har i fylket i høve medlemstal.

1.5 Idrettslag – nye lag – strokne lag

Nye idrettslag			
Lavik Karateklubb	Korssund Dykkeklubb	Brekke Sportsskyttarklubb	
Leikanger Sportskyttarlag	Sogn Fartsfykarlaug		
Strokne idrettslag			
Askvoll Sykkelklubb	Gloppen Skiskyttarlag	Lærdal Sykkelklubb	
Saga Fotballklubb	Leikanger Skyttarlag Min.gr.		
Nye grupper			
Stryn T&IL	Styrkeløftgruppe	Tambarskjelvar IL	Sykkelgruppe
Stadlandet IL	Sykkelgruppe	IL Høyang	Klatregruppe
Jølster IL	Vektløftargruppe	Hyen IL	Triathlongruppe
Sogndal IL	Handbakgruppe	IL Høyang	Skigruppe
Sogndal IL	Karategruppe	Vik IL	Volleyballgruppe
Gaular IL	Symjegruppe	Eikefjord IL	Handballgruppe
IL Modig	Vektløftargruppe		
Strokne grupper			
Brandsøy SK	Fotballgruppe	Veitastrond IL	Fotballgruppe
IL Jotun	Sykkelgruppe	Veitastrond IL	Styrkeløft
IL Jotun	Volleyballgruppe	Oppstryn IL	Vektløftargruppe
Brekke IL	Skyttargruppe	Eikefjord IL	Skiskyttargruppe
IL Høyang	Skigruppe	Olden IL	Skøytegruppe
Namnendring			
NAF Indre Sogn Motorsportklubb	Endra til:	Sogn Motorsportklubb	

1.6 Politiattest

Alle personar som skal utføre oppgåver i eit idrettslag som inneber eit tillits- eller ansvarstilhøve ovanfor mindreårige eller personar med utviklingshemming, skal ha vist fram politiattest. Dette medfører at personar i idrettslag med trenar- og/eller leiaroppgåver og som har direkte kontakt med mindreårige eller personar med utviklingshemming, alltid vil kome inn under ordninga. For andre oppgåver må idrettslaget gjere ei konkret vurdering av kva grad oppgåvene vedkommande skal ha inneber eit slikt ansvars- eller tillitsforhold.

Idrettskrinsen si oppgåve er å sjå til at idrettslaga er kjent med ordninga og har utnemnt ein person som er ansvarleg for innhenting og oppfølging av politiattestar. I tillegg gjev idrettskrinsen rådgjeving på spørsmål om ordninga frå idrettslaga.

Idrettslaga si oppgåve er å sikre at alle som etter krava skal ha politiattest, viser fram denne for politiattestansvarleg i idrettslaget. Dette er ei kontinuerleg oppgåve som krev gode rutinar i idrettslaga.

I perioden har idrettskrinsen gjennomført oppfølgingsarbeid for å sikre at personar i idrettslaga som skal vise fram politiattest har følgd opp kravet om dette. Dette gjennom tydeleg informasjon om ordninga, oppfølging på at idrettslaga har utnemnte ansvarleg for ordninga, og tillaging av malar på rutinar for idrettslaga.

Det vart gjennomført ei kartlegging av status på politiattestordninga i idrettslaga i starten av 2017, og med oppfølging av denne i etter kant.

1.7 Antidopingarbeid

Alle organisasjonsledd er tydleg i si haldning mot doping og gjennomfører antidopingprogramma «Rent idrettslag» og «Ren utøver».

Programmet «Rent idrettslag» er eit godt eigna verkemiddel og ein enkel måte for idrettslaget å setje fokus på verdiarbeid og antidoping. Programmet utfordrar laget og deltakarane på å ta stilling til og vise si haldning til doping. Det same gjer programmet «Ren utøver».



Idrettskrinsen har sett som arbeidsmål å informere om «Rent idrettslag» og «Ren utøver» ved ulike møtearenaer der dette er mogleg. Det er sendt oppfordring til idrettslaga, idrettsråda og særkrinsane/regionane om å gjennomføre programmet og registrerer seg.

1.8 Kompensasjonsordningar for meirverdiavgift

Momskompensasjon – idrettsanlegg

Den rammestyrt ordning for kompensasjon av meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg er søknadsbasert og blir forvalta av Lotteri- og stiftelsestilsynet.

År	Løyving frå Stortinget	Tildelt beløp	Tildelt til idrettslag i Sogn og Fjordane
2010	50 000 000,-	14,3 mill	230 464,-
2011	60 000 000,-	26.7 mill	3 554 744,-
2012	61 850 000,-	60.4 mill	1 195 027,-
2013	63 891 000,-	62.3 mill	317 178,-
2014	114 677 000,-	113.8 mill	3 650 900,-
2015	171 900 000,-	171.9 mill	4 224 786,-
2016	192 000 000,-	191,8 mill	6 087 710,-
2017	175 900 000,-	169,3 mill	5 954 388,-

Momskompensasjon - varer og tenester

Formålet med ordninga er å kompensere dei kostnadane som frivillige organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester.

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) skal forvalte ordninga på vegne av alle sine medlemsorganisasjonar.

Idrettsorganisasjonar med totale driftskostnader < 5 millionar skal berre rapportere eitt enkelt tal, dei totale driftskostnadene til den frivillige og ikkje-fortenestebaserte verksemda.

Dei totale driftskostnadene skal hentast direkte frå det årsmøtegodkjente rekneskapen.

Rapporteringa skal skje til SportsAdmin, idretten sitt eige organisasjonsregister.

Idrettsorganisasjonar med totale driftskostnader > 5 millionar skal søke på eige fastsett skjema vedlagd stadfesting frå revisor.

År	Total tildelt	Utbetalt til idrettslag i Sogn og Fjordane
2010	397 860 582,-	1 760 561,-
2011	597 126 429,-	4 141 470,-
2012	619 583 288,-	3 918 371,-
2013	940 966 170,-	5 962 141,-
2014	1 191 554 192,-	7 269 391,-
2015	1 222 201 973,-	6 842 468,-
2016	1 290 951 400,-	6 829 960,-
2017	1 319 002 997,-	7 504 806,-

1.9 Grasrotandelen

Med verknad frå 01.01.09 kan fem prosent av det den enkelte spelar for på Norsk Tipping sine spel, bli øymerka til ein lokal frivillig organisasjon. Ein spelar kan velje ut eit lag vedkomande ønskjer å støtte. Laget får overført ein sum tilsvarande fem prosent av speleinnsatsen utan at det reduserer det den einskilde spelar for eller eventuell premie.

”Grasrotandelen” er eit godt høve for idrettslaga å få direkte støtte til sitt arbeid i lokalmiljøet. I Sogn og Fjordane er pr. 31.12.17 160 idrettslag/klubbar registert som grasrotmottakarar.

I 2010 var det utbetalt **kr. 3 854 092,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.
I 2011 var det utbetalt **kr. 4 091 062,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.
I 2012 var det utbetalt **kr. 4 618 149,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.
I 2013 var det utbetalt **kr. 4 540 736,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.
I 2014 var det utbetalt **kr. 4 491 397,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.
I 2015 var det utbetalt **kr. 4 752 672,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.
I 2016 var det utbetalt **kr. 5 154 160,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.
I 2017 var det utbetalt **kr. 5 086 335,-** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

Dei laga som hadde størst utbetaling av grasrotandelen var:

Grasrotandel 2014		Grasrotandel 2015	
Førde Idrettslag	209 383,-	Førde Idrettslag	234 511,-
Idrottslaget Jotun	159 971,-	Florø Sportsklubb	159 029,-
Gaular Idrettslag	153 505,-	Idrottslaget Jotun	158 817,-
Eid Idrettslag	148 274,-	Gaular Idrettslag	153 971,-
Sogndal IL Fotball	141 396,-	Eid Idrettslag	146 734,-

Grasrotandel 2016		Grasrotandel 2017	
Førde Idrettslag	271 263,-	Florø Sportsklubb	223 974,-
Florø Sportsklubb	198 874,-	Førde Idrettslag	222 132,-
Idrottslaget Jotun	158 777,-	Eid Idrettslag	176 418,-
Eid Idrettslag	153 134,-	Idrottslaget Jotun	169 828,-
Årdal Fotballklubb	149 310,-	Årdal Fotballklubb	168 402,-



2.0 INNSATSOMRÅDA

Grunnlaget for arbeidet på ulike innsatsområde i tingperioden, er Handlingsplan 2016-2020 Idretten i Sogn og Fjordane og Idrettspolitisk dokument 2015-2019 (IPD).

Idrettskrinsstyret rapporterer i denne delen av årsmelding tilbake på mål og delmål i Handlingsplan 2016-2020. Frå innleiingskapittelet i planen siterer vi følgjande:

Denne felles handlingsplanen for idrettsorganisasjonane i Sogn og Fjordane legg retninga og mål på fellesidrettslege innsatsområde i organisasjonsledda sitt arbeid med å vidareutvikle og styrke idrettstilbodet for medlemane.

Ved å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten, kan vi betre løyse ut den beste innsatsen som gir vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket. Saman skal vi gjere vårt beste for å skape trygge oppvekstmiljø og vennskap, yte aktivitetstilbod etter ønskje frå medlemane og spreie idrettsglede.

Idrettskrinstinget 2016 vedtok gjennom handlingsplanen prioriteringar som ein saman særleg skulle arbeid for dei neste to åra:

- Ein kunnskaps- og verdibasert idrett som speglar mangfaldet i samfunnet.
- Eit idrettstilbod som femnar ungdom sine ønskjer.
- Engasjere fleire kvinner og unge i trenar- og leiarroller.
- Sterke utviklings- og kompetansemiljø for unge utøvarar.
- Gode rammevilkår for idretten i fylket.
- Bli det mest attraktive treningstilbodet for vaksne.

Redigeringa av dette kapittelet i årsmeldinga er hovudsakleg bygd opp i samsvar med tilsvarande innsatsområde, mål og delmål som i handlingsplan.

2.1 Idrettsmål

Kjerneprosessar i idretten:




Idrettsarbeidet må vere bygd opp rundt desse prosessane for å levere aktivitetstilbod til medlemmane i tråd med føremålet.

2.1.1 Barneidrett

Mål: Idrettslaga har eit ope tilbod for barn som gir høve til eit variert og allsidig aktivitetstilbod i trygge og stimulerande oppvekstmiljø.


Utvikling i medlemstal og aktivitetstal i aldersgruppa 6-12 år:



Barn 6-12 år	2012	2013	2014	2015	2016
Folketal i aldersgruppa	9739	9702	9671	9710	9742
Medlemstal	9085	9340	9361	9386	9607
Aktivitetstal	15328	15714	15260	14602	13956
Medlemstal i % av folketal	93 %	96 %	97 %	97 %	99 %
Aktivitetstal i % av folketal	157 %	162 %	158 %	150 %	143 %

Medlemstala for aldersgruppa 6-12 år har hatt ei auke i perioden 2012 til 2016 med stabilt innbyggjartal, medan aktivitetstala har hatt ein nedgang sidan 2014.

Aktivitetstala syner store prosenttal i høve folketalet då mange i aldersgruppa deltek i fleire idrettar. Høge prosenttal gir uttrykk for allsidig deltaking.



Aktivitetstala har gått noko ned i aldersgruppa 6-12 år i 2015 og 2016. Det er nesten like mange aktive av kvart kjønn, om lag 3 % fleire gutar enn jenter i 2016.

Idrettsskule for barn

Utviklingsstøtte 2016	Tilskot
Hardbagg IL	8 500,-
Sandane T&IF	8 500,-
Utviklingsstøtte 2017	Tilskot
Hardbagg IL	8 500,-
Balestrand IL	8 500,-
IL Modig	8 500,-
IL Høyang	8 500,-
Gaular IL	8 500,-

Deltakartal

Pr. 31.12.16 var det registrert 2516 deltakarar i 49 idrettsskular for barn i Sogn og Fjordane. Deltakartalet har hatt ein nedgang i 2015 og 2016, medan talet på idrettsskular med registrert aktive har halde seg stabilt.

Fagutvikling barneidrett - tiltak

Aktivitetsleiarkurs barneidrett vart gjennomført i Sogndal, Måløy, Førde og Askvoll i 2016 og på Bulandet og i Førde i 2017. Det vart elles autorisert 35 barneidrettsinstruktørar med godkjent aktivitetsleiarkurs på vgs. idrettsfag.


Fag- og dialogmøte med særkrinsar/regionar på Skei 13.03.17 med tema «Flest mogleg og lengst mogleg – korleis bidra til livslang glede med idretten?» knytt opp til prioriteringar i Handlingsplanen 2016-2020 Idretten i Sogn og Fjordane og idrettspolitiske føringar i IPD 2015-2019.

Temamøte om barneidrett vart gjennomført i idrettslag med fokus på verdigrunnlaget i barneidretten og barn si utvikling.

2.1.2 Ungdomsidrett

Mål: Idrettslaga og særkrinsane/regionane kjem i møte ungdom som vil ha eit variert og inkluderande idrettstilbod, der dei møter vener, har det kjekt og blir så gode som dei sjølv vil.


Utvikling i medlems- og aktivitetstal aldersgruppa 13-19 år:



Ungdom, 13-19 år	2012	2013	2014	2015	2016
Folketal i aldersgruppa	10873	10796	10632	10548	10591
Medlemstal	8447	8203	8020	8460	8388
Aktivitetstal	9721	9506	9194	8514	8574
Medlemstal i % av folketal	78 %	76 %	75 %	80 %	79 %
Aktivitetstal i % av folketal	89 %	88 %	86 %	81 %	81 %

Medlemstala for aldersgruppa 13-19 år har hatt ein nedgang frå 2012 til 2014 og gjekk noko opp igjen i 2015 og 2016, medan aktivitetstala, samla sett for alle idrettane, har hatt ein nedgang frå 2012 til 2014 med ei stabilisering i 2015 og 2016.

Dei siste to åra har innbyggjartala halde seg stabilt.



Aktivitetstala i aldersgruppa 13-19 år har stabilisert seg i 2015 og 2016. Det er om lag 12 % fleire aktive gutar enn jenter i 2016.



Ungdomsløftet er idretten si satsing fram mot 2022 for å rekruttere og halde på fleire ungdom. 2016 var norsk idrett sitt ungdomsår.

Idrettsskule for ungdom

Idrettsskule for ungdom er ei støtteordning der idrettslag kan søke om midlar til å sette i gong eit variert lågterskel aktivitetstilbod for ungdom. Stadlandet idrettslag søkte om oppstartsstøtte i 2017. Pr. 31.12.16 var det registrert 91 ungdom som deltakarar i idrettsskular i Sogn og Fjordane.

Fagutvikling ungdomsidrett - tiltak

Fag- og dialogmøte med særkrinsar/regionar på Skei med tema knytt opp til prioriteringar i Handlingsplanen 2016-2020 Idretten i Sogn og Fjordane og idrettspolitiske føringar i IPD 2015-2019;

- 16.06.16 med tema «Kva tiltak set vi inn (frå krinsledda) på ungdom for å sikre meistringsklima i utøvarmiljøa, breitt rørslegrunnlag og førebygge skadar hjå unge utøvarar, eit tilbod som femnar ungdom sine ønskje og at særiddrettane samarbeider på tvers?»
- 13.03.17 med tema «Flest mogleg og lengst mogleg – korleis bidra til livslang glede med idretten?»

Temamøte om ungdomsidrett vart gjennomført i idrettslag med fokus på deltaking og utvikling, og kva tilbod ein har for ungdom.

Fakkemarkering Stryn

I samband med Ungdoms-OL 2016 vart det arrangert ein fakkeltur i forkant med fakkemarkeringar i alle fylka. NIF hadde ansvaret for å planlegge og gjennomføre fakkelturane med god hjelp av dei ulike idrettskrinsane. I Sogn og Fjordane vart fakkemarkering lagt til Stryn 22. januar 2016.

Fakkemarkeringa skulle løfte fram det unge idrettsengasjementet som finst i Sogn og Fjordane, og planlegginga og gjennomføringa skulle skje av og med ungdom. Fleire av ungdomane som hadde vist engasjement i idrettskrinsen sitt Ungdomsprosjekt 2012-2016 og delteke på ulike tiltak i regi av prosjektet, vart rekruttert inn i planleggingsgruppa for fakkemarkeringa. I tillegg var Markane IL, Stryn kommune og rettleiarar ungdomsidrett i idrettskrinsen representert. Plan- og utviklingsleiar var kontaktperson for fakkemarkeringa og del av planleggingsgruppa. Det vart gjennomført fem planleggingsmøte.

Sjølve dagen for fakkemarkeringa starta med foredraget "Samspill i praksis" med Karina Andersen for elevane på Stryn vidaregåande skule, før Kjetil André Aamodt gjennomførte aktivitetssøkt med elevane.



Fakkemarkeringa på kvelden opna med at over tusen personar gjekk i fakkeltog og flaggborg med dei 49 nasjonane som er representert i Stryn. OL-elden vart bore fram av unge representantar for idretten i Sogn og Fjordane med ein fakkelfstafett gjennom folkemengda ved Stryn vgs. I samband med fakkelturane blei det kåra ei ung eldsjel frå idretten i kvart fylke.

I Sogn og Fjordane var dette Lorentz Fannemel frå Hornindal IL, og han fekk æra av å tenne OL-elden som avslutning på fakkelfstafetten. Lars Jørgen Kjærvik, IL Bjørn, og Miriam Flo, Stryn T&IL, var dei to andre nominerte unge eldsjelerne frå fylket. Desse tre saman med fire andre unge utøvarar og eldsjeler frå fylket var fakkelfberarane under markeringa.



Miriam Flo



Lars Jørgen Kjærvik



Lorentz Fannemel

Det heile vart avslutta med musikk og dans frå deltakarar til lokalmønstringa i UKM, og med skihopp og straffekonkurranse for dei frammøtte.

Alle foto frå fakkelfmarkeringa: Cathrine Dokken

Frivillige på Ungdoms-OL

Ungdoms-OL 2016 vart arrangert i februar på Lillehammer. Arrangementet stod sentralt i det tiårige Ungdomsløftet i norsk idrett, der det sette fokus på involvering av ungdom innanfor område som aktivitetsutvikling, unge trenarar, unge leiarar, unge dommarar og unge frivillige.

NIF utdanna saman med LYOGOC 220 unge frivillige leiarar, mellom 15 og 18 år, til Ungdoms-OL. Ungdomsprosjektet til idrettskrinsen rekrutterte tre jenter til denne leiarskuleringa. Desse var Elisabeth K. Vindfjell, Nordfjordeid, Miriam Flo, Stryn, og Ingvild Myrekrok Ruskedal, Høyanger. Dei deltok på samlingar i Trondheim, Hamar og Lillehammer i perioden 2014 til 2016, og var med som frivillige under Ungdoms-OL.



Miriam Flo



Elisabeth K. Vindfjell



Ingvild Myrekrok Ruskedal

Under leikane arrangerte NIF eit seminar der resultatane av dei 17 prosjekta i Jubileumsgåva blei presentert. «Idrettslaget som trivsels-, lærings- og utviklingsarena for jenter 15-19 år» (under modellen Ungdomsdreven idrettsaktivitet) var idrettskrinsen sitt prosjekt. Her var idrettskrinsen representert ved plan- og utviklingsleiar.

Ungdomsnettverk

Idrettskrinsen inviterte fire unge ressurspersonar i idretten til eit dialogmøte i Førde i august 2016. Desse var Robert André Moldestad, Marianne Laugerud, Lorentz Fannemel og Linn Kathrin Bakke. Her var det lagt opp til diskusjon og innspel om ungdomsengasjement i idretten i fylket.

I desember 2016 arrangerte NIF i samarbeid med Sør-Trøndelag IK, Nord-Trøndelag IK, NFF, NHF, NBF og NSF «Ungdomsidrettskonferansen» for å sette lyse på dei ulike hovudretningane i Ungdomsløftet og for å avslutte «Idrettens ungdomsår». Lorentz Fannemel deltok på konferansen for Sogn og Fjordane.

Elisabeth K. Vindfjell deltok for Sogn og Fjordane på eit felles nettverksmøte med ungdom frå idrettskrinsane i Oslo i mars 2017. Her var engasjerte ungdom frå idretten samla for å diskutere korleis ungdom skal få reell påverknad i utvikling av ungdomsidretten i sitt fylke. Resultata frå diskusjonane vart presentert for NIF og idrettskrinsane.

Plan- og utviklingsleiar deltok som observatør saman med andre idrettskrinsar.

Leiarkurs for ungdom

Det vart planlagt «Leiarkurs ungdom 15-19 år» i Stryn i 2016, men det måtte avlysast pga. for få påmelde. Det har blitt jobba med å forankre kurset i idrettslaga og andre organisasjonsledd, og det vil bli planlagt nytt kurs i 2018.

Ann Kristin Grodås og Synne Aafedt Liljedahl tok i 2017 oppfølgingsmodul på kurslæruddanning for leiarkurset.

Spissa idrettstilbod i vgs. for potensielle toppidrettsutøvarar

Ordninga med spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring gjeld inntak på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter i idrett, og vart sett i gong frå 2012 etter vedtak i hovudutvalet for opplæring i fylkeskommunen med følgjande tilbod:

Skiskyting, Stryn vidaregåande skule

Fotball, Sogndal vidaregåande skule

Volleyball, Hafstad vidaregåande skule

Ordninga har ei elevtalsramme med inntil 15 elevar for alle årstrinn pr. skule.

For skuleåret 2017-2018 gjaldt ordninga for skiskyting ved Stryn vgs. berre for vg2 og vg3, då det vart oppretta landslinje i skiskyting ved skulen med tilbod knytt til vg1.

Ei viktig side ved det spissa tilbodet er samspelet mellom den enkelte skule og idretten, mellom klubben, undervisningsansvarlege og leing på skulen, trenar(ane) og den enkelte utøvar/elev. Totaltilbodet for utøvaren/eleven med trening og utvikling både i og utanfor skuletid skal bli styrka gjennom tilbodet, der den daglege oppfølginga frå klubbtrenarar og fagkrefter ved skulane blir lagt godt til rette.

Tal søkjarar og inntekne elevar/utøvarar ved dei tre skulane:

Skuleåret 2016-2017: Søkjarar: 60 Inntak: 37

Skuleåret 2017-2018: Søkjarar: 62 Inntak: 30

Sogn og Fjordane idrettskrins gjev tilråding om opptak til fylkeskommunen etter innstilling frå dei tre aktuelle særkrinsane/region.

Oppfølging av tilbodet

Idrettskrinsen har lagt til rette for erfarings- og dialogmøte mellom skulane og dei aktuelle særkrinsane/region og klubbar. Eit møte vart gjennomført 06.01.16 på Skei. På møte deltok òg to representant for opplæringsavdelinga i fylkeskommunen. Det har i tillegg vore oppfølging med kvar enkelt skule, aktuell særkrins/region og klubbar etter behov.

Administrasjon har hatt møte med representantar for opplæringsavdelinga i fylkeskommunen for å oppdatere og utbetre sakshandsaming og informasjon om ordninga.

Ordning med inntak av potensielle toppidrettsutøvarar i vgs.

Ordninga inntak av potensielle toppidrettsutøvarar på særlege vilkår ved vidaregåande skular i Sogn og Fjordane er ført vidare i perioden.

Idrettskrinsen gjev tilråding om inntak til fylkeskommunen etter innstilling frå særkrinsane /regionane.

Skuleår	Idrett	Tal søkjarar	Tal inntekne	Skule
2016-2017	Friidrett	3	3	Firda vgs
	Friidrett	1	1	Stryn vgs
	Handball	5	5	Stryn vgs
	Riding	1	1	Flora vgs
	Ski	1	1	Firda vgs
	Ski	1	1	Mo og Øyrane vgs
	Ski	9	9	Sogndal vgs
	Ski	1	1	Stryn vgs
	Sykling	1	1	Årdal vgs
	Vektløfting	1	1	Firda vgs
2017-2018	Friidrett	4	2	Firda vgs
	Friidrett	1	0	Mo og Øyrane vgs
	Friidrett	1	1	Stryn vgs
	Handball	2	1	Firda vgs
	Handball	2	2	Flora vgs
	Handball	2	1	Sogndal vgs
	Handball	2	2	Stryn vgs
	Orientering	1	1	Stryn vgs
	Ski	3	3	Hafstad vgs
	Ski	11	11	Sogndal vgs
	Ski	1	1	Sygna vgs

Tal inntekne utøvarar auka frå 40 for skuleåra 2014/15 og 2015/16 til 49 for skuleåra 2016/17 og 2017/18.

Samordning av terminlister aldersfastlagde klassar

Idrettskrinsen legg til rette for samordning mellom dei største særiddrettane i fylket.

Opplegget med samordning av særiddrettane sine terminlister for aldersgruppa opp til 16 år er vidareført i 2016 og 2017 med to årlege møte.

Utviklinga har gått i retning av tettare med konkurransar og samlingar over heile året, særleg for dei største idrettane, og fleire tiltak for yngre utøvarar som kolliderer. Dette set store krav om samhandling hjå aktørane, særkrinsar/region og særgruppene i idrettslaga, for å legge tilboda til rette slik at utøvarar ikkje treng å velje vekk deltaking i fleire idrettar ved kollisjonar.

Vi ser det er behov for meir samhandling og kommunikasjon mellom særiddrettane.

Prosjektet «Framtidas idrett i Sogn og Fjordane»

Sogn og Fjordane idrettskrins starta i 2015 opp det felles utviklingsprosjektet for idretten i fylket, «Framtidas idrett i Sogn og Fj.», med visjonen «Gode i hop» og mål om ein kunnskaps- og verdibasert idrett med læring, samhandling og utvikling på tvers.

Grunnlaget for prosjektsatsinga var eit ønskje frå særkrinsane/regionane om å få i gong eit arbeid med systematisk utvikling av unge utøvarar.

Elles vart følgjande lagt til grunn for tenking om utvikling, organisering og å legge til rette for utvikling av kunnskap:

- Kunnskap basert på OLT sin filosofi for utvikling av unge utøvarar, og å få med fleire unge utøvarar lenger oppover i utviklingstrappa.
- Å legge meir til rette for felles utnytting av ressursar og tverridrettsleg innsats for m.a. å følgje opp intensjonar i rapporten ”Den norske toppdrettsmodellen 2022”.



Prosjektplan «Framtidas idrett i Sogn og Fjordane».

Gjennom fellesprosjektet har vi prøvd ut å legge til rette for å bygge gode utviklingsmiljø i fylket gjennom:

- å styrke trenar og leiarkompetanse på tvers av sær-idrettar
- å bygge gode lokale utviklingsmiljø på tvers av idrettslaga i kommunen

Erfaringar frå arbeidet og gjennomførte tiltak i prosjektet, samt førespurnader frå ulike idrettsmiljø, syner at det er eit behov for å etablere varige ordningar med høgt kunnskapsfokus i utviklingsarbeidet av unge utøvarar i fylket.

Ut i frå måla i prosjektet er følgjande gjennomført i perioden:

1. Etablere «OLT-Sogn og Fjordane», avdeling av Olympiatoppen Vest i samhandling med Høgskulen på Vestlandet.

Idrettskrinsen har hatt god samhandling og prosessar rundt å etablere ei stilling i Sogn og Fjordane saman med Olympiatoppen Vest (OLT-V), Høgskulen på Vestlandet (HVL) og idretten i fylket. Å finne løysingar for å etablere og drifte «OLT-Sogn og Fjordane» har vist seg å vere ei svært ressurskrevjande nyutvikling og det har vore utfordrande å få finansiering på plass. Diskusjonane kring organisering av den nye Vestlandsregionen har ført til at dette arbeidet har stoppa opp. Ordninga «Toppidrettsstudent» ved HVL er ei tilrettelegging for toppidrettsutøvarar som ønskjer å studere og satse på idretten sin i fylket. Idrettskrinsen har koordinert ordninga mellom HVL og idretten, m.a. lagt opp til felles møteplassar og informasjonsflyt. I tillegg har vi spelt inn utfordringar og behov frå idretten si side og vore aktiv med å utvikle ordninga best mogleg tilpassa behova. «Forum for kompetanseutvikling» er prøvd ut som ein del av prosjektet for å nå mål om strukturelt og fagleg samarbeid på tvers i idretten og med andre samarbeidspartar med samanfallande mål og interesser, som HVL og Sogn og Fj. fylkeskommune. Deltakarar i forumet har vore representantar frå idrettslag, særkrinsar, OLT-Vest, HVL, Sogn og Fj. fylkeskommune og idrettskrinsen.

2. Styrke trenar- og leiarkompetanse, tverrfagleg og tverridrettsleg, og styrke felleskompetanse.

Fagseminaret i Florø i april 2016 og «Idrettens Møteplass» i Sogndal i november 2017 var prioritert å ha høgt fagleg nivå, og vi ser at der vi brukar ressursar for å gi tiltak høg kvalitet gir svært god oppslutnad og effekt på å styrke både trenar- og leiarkompetansen og felleskompetansen i fylket. Her ser vi det som viktig å nytte ekstern kompetanse kombinert med å dele dei gode døma frå eige fylket, slik som eit sterkt utviklings- og prestasjonsmiljø som Gloppen Friidrettslag og gode kompetansekrefter som Even Hole og Mathias Lilleheim.

Oppstart og utvikling av eit trenarforum, som skal vere ein utviklingsarena for trenarar i Sogn og Fjordane, har vi jobba med og prøvd å sette dette i gong. Her må vi bruke meir tid på å finne målgruppa og forma ut i frå behov og ønskjer saman med særkrinsane/regionane.

I arbeidet med å bygge eit idrettsmedisinsk nettverk i fylket har vi kartlagt ressurspersonar i Sogn og Fjordane, som er eit utgangspunkt for organisering og å bygge strukturar for eit nettverk av fagleg kvalitet. Om dette skal arbeidast vidare med må eksterne fagressursar koblast på.

3. Utvikle sterke lokale utviklingsmiljø på tvers av idrettslaga/særidrettane i kommunen.

Vi har prøvd ut modellen «Lokalt utviklingsmiljø» i Flora og i Gloppen, for å kunne gjere oss erfaringar og vidareføre desse i det vidare arbeidet vårt i dei kommunane som ønskjer det.

I Flora har vi jobba tett med ei arbeidsgruppe for å etablere strukturar og organisering for samarbeid på tvers i lokalmiljøa. Her har dei fått arrangert fleire temakvelder for trenarar, og utviklar det vidare med forankring i idrettslaga i kommunen.


I Gloppen har strukturane vore meir etablert, der vidareutvikling av samarbeid på tvers på nye nivå og målgrupper har vore prioritert.

Vi gjekk breitt ut med dette felles utviklingsprosjektet, og har prøvd ut og gjort oss nokon erfaringar i perioden, samt fått tilbakemeldingar frå idretten. På bakgrunn av dette har vi justert delar av prosjektet. Vi ønskjer å halde fram «Framtidas idrett i Sogn og Fj.» der vi ser at dei relativ små idrettsmiljøa i fylket treng kvarandre, og vil spisse prosjektet meir. Vi vil fokusere på å formidle kunnskap, tverrfagleg og tverridrettsleg, gjennom kompetansetiltak, dele og samhandle om tiltak og erfaringar med særkrinsar/regionar, og gjere oss enno meir erfaringar med å bygge gode strukturar lokalt for samarbeid på tvers av idrettslaga. Målet er at dette skal bygge varige strukturar i utviklingsarbeidet av unge utøvarar i fylket.

2.1.3 Vaksenidretten

Mål: Idrettslaga og særkrinsane/regionane legg til rette for eit variert og inkluderande idretts- og leiartilbod for vaksne.



Utvikling i medlems- og aktivitetstal aldersgruppa over 20 år:



Vaksne 20+	2012	2013	2014	2015	2016
Folketal i aldersgruppa	80377	80894	81423	81934	82666
Medlemstal	24138	24177	23646	24781	24520
Aktivitetstal	19635	19449	19152	17312	17070
Medlemstal i % av folketal	30 %	30 %	29 %	30 %	30 %
Aktivitetstal i % av folketal	24 %	24 %	24 %	21 %	21 %

NIF og særforbund har i perioden arbeidd med å utvikle nye aktivitetskonsept for vaksne som skal formidlast ut til idrettslaga.

Fordeling leiarar i idrettslag pr. 31.12.17:



Tiltak på kompetanseutvikling leiarar:

- Fagseminar april 2016 i Florø med tema «Prestasjonskultur – kva må til for å bygge kultur, skape og gjenskape prestasjonar på høgt nivå».
- Inspirasjonsforedrag med Marit Wiig, president i Norges Golf forbund, august 2017 på Vassenden (Sunnfjord Golfklubb) med tema «Kva skal til for å ta steget inn i leiarverv».
- Idrettens Møteplass november 2017 i Sogndal med foredrag av Johan Kaggestad med tema allsidig grunnlag.

2.1.4 Idrett for menneske med funksjonsnedsetting

Mål: Fleire menneske med funksjonsnedsetting får informasjon, finn og nyttar eit godt tilrettelagt lokalt aktivitetstilbod.

Idrettskrinsen samarbeider med fagkonsulent NIF region vest, Thea Lunde Christiansen, om å legge til rette for kompetansetiltak og samordne arbeidet med kompetanse med særiddrettar der det er behov.

Lokal aktivitet for personar med funksjonsnedsetting er avhengig av ulike interessepartar i eit samspel mellom utøvar, idrettslag, særiddrettar og kommunen.

På aktivitetssida har særkrinsane/særforbunda ansvar og skal vere pådrivarar ovanfor idrettslag og lokalmiljø for å få i gong aktivitet.

Gode døme på aktivitetstilbod frå særkrinsar/idrettslag er:

- Årlege ski- og snøsamlingar for deltakarar med funksjonsnedsetting i regi av S og Fj. Skikrins.
- «Byrkjeloleikane» - ein aktivitetsdag for deltakarar med utviklingshemming. Arrangert i samarbeid mellom NFF S og Fj. , S og Fj. Friidrettskrins, Sogndal United og Breimsbygda IL.
- «Løveleikane» - ein aktivitetsdag for deltakarar med utviklingshemming. Arrangert i samarbeid mellom trimgruppa i Sogndal IL og Lions Club Sogndal.
- Hafslo IL og Sogndal IL trimgruppa har trimtilbod for utøvarar med utviklingshemming.
- Florø United, Førde United og Skavøypollen United har aktivitetstilbod i handball for utøvarar med utviklingshemming, og er med i seriespel og turneringar.
- Dale United, Sogndal United og Stryn United har aktivitetstilbod i fotball for utøvarar med utviklingshemming.
- Sogndal IL klatregruppe har månadleg tilbod for utøvarar med funksjonsnedsetting.

Aktivitetsleiarkurset «Tilrettelegging for funksjonshemma» vart arrangert, i samarbeid mellom idrettskrinsen og NIF, i Førde og Sogndal i 2016, og på Sandane i 2017. Totalt har det vore med 76 deltakarar. Det vart òg gjennomført kurs for studentar ved HiSF i Sogndal i 2016.

Idrett for funksjonshemma og «Grenselaus idrettsdag» vart presentert for elevar på idrettsfag ved på Flora vgs. hausten 2016 og 2017 ved fagkonsulent NIF region vest og plan- og utviklingsleiar i idrettskrinsen.

Det vart gjennomført ei spørjeundersøking i idrettslaga våren 2017 for å kartlegge idrettstilbod for utøvarar med funksjonsnedsetting.

«Grenselaus idrettsdag»

«Grenselaus idrettsdag» vart arrangert for 3. gong i Førde hausten 2016, og er ein idrettsdag for deltakarar med utviklingshemming i alle alder med fokus på idrettsglede, meistringsopplevingar og utprøving av ulike idrettar. Hausten 2017 vart «Grenselaus idrettsdag» arrangert med ei utviding til å gjelde alle med ein funksjonsnedsetjing. Det har vore ei positiv utvikling med fleire barn og unge som deltakarar etter fire år med arrangementet.

Idrettsdagen har vore arrangert i eit samarbeid mellom idrettskrinsen, NIF og Flora vgs. idrettsfag. Idrettslag har stilt opp med utstyr og instruktørar.

I 2016 var det i overkant 50 deltakarar frå 10 kommunar i fylket, der det vart noko forfall pga. kollisjon med anna arrangement for målgruppa dagen etter. I 2017 var det 72 deltakarane frå 16 kommunar, der 20 av dei var under 20 år.



2.1.5 Inkludering

Mål: Deltakinga i idrettslaga sine aktivitetstilbod skal spegle mangfaldet i samfunnet.

Norsk idrett har i perioden hatt fokus på auka arbeid innad i organisasjonen med inkludering og mangfald, m.a. gjennom å motverke økonomiske og kulturelle barrierar som kan vere til hinder for deltaking i ordinær idrettsaktivitet. For idrettslaga har det betydd å auke deltaking av nye grupperingar inn i idrettslaga sine ordinære aktivitetstilbod, ofte i samarbeid med sin kommune eller andre aktørar lokalt.

NIF lanserte vinteren 2014 idrettslagsbrosjyren «Bli med» på ni ulike språk og i løpet av hausten 2016 vart den oversett til sju nye språk. «Bli med» er eit informasjonsmaterieil til bruk for idrettslaga, og vil vere eit relevant og viktig verktøy for idrettslaga sitt inkluderingsarbeid. Idrettslagsbrosjyre fortel kva eit idrettslag er, kva ein kan vere med på, korleis bli medlem, og kan tilpassast kvart enkelt idrettslag sine aktivitetar og logo. Brosjyren er distribuert ut til ulike miljø.

NIFs flyktningfond

Idrettslaga over heile landet kunne søke om midlar frå NIF sitt flyktningfond våren og hausten 2016 og våren 2017. Dei kunne søke om inntil kr. 25 000,-.

Flyktningfondet skal stimulere idrettslag til å invitere til organisert aktivitet i idrettslag for nyleg busette flyktningar eller på mottak. Målet med fondet er å gi ein meningsfull oppleving gjennom idrett som aktivitet på mottak for asylsøkande, rekruttere fleire medlemar med minoritetsbakgrunn til idrettslaga som utøvarar, trenarar og leiarar, og inspirere til inkluderande idrettslag. Ein ser òg at samhandlinga med relevante aktørar i kommunen, som t.d. flyktningtenesta og frivilligsentral, er viktig for å forsterke arbeidet. Målet er at nybusette blir ein naturleg del av den ordinære aktiviteten i idrettslaga.

19 idrettslag frå Sogn og Fjordane fekk tildelt midlar våren 2016, 11 idrettslag hausten 2016 og 8 idrettslag våren 2017. I tillegg fekk eitt idrettslag tildelt midlar på søknadsrunde av restmidlar hausten 2017, der målgruppa var flyktningar i mottak.



Foto: Knekk Inkluderingskoden



«Samspel»

«Samspel» eit samarbeidsprosjekt mellom organisasjonane 4H Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Røde Kors og Sogn og Fjordane idrettskrins. Organisasjonane vart utfordra av Gjensidigestiftelsen i 2016 til å sjå om det var grunnlag på å jobbe endå tettare i lag, og auke fokuset på sosial inkludering og mangfald. Prosjektet som det vart søkt om fekk tildelt midlar i slutten av 2016, og det vart tilsett ein prosjektleiar våren 2017.

Målet med «Samspel» er å inkludere enkeltpersonar som står i fare for å falle utanfor organiserte lokale aktivitetar, og slik førebygge utanforskap, med spesielt vekt på å nå tilflyttarar som ikkje er etnisk norske. Målet er trygge frivillige leiarar og tillitsvalde i organisasjonslivet i Sogn og Fjordane, med kunnskap om sosial inkludering og mangfald, samt betre informasjon til innvandrarar om fritidstilboda og det frivillige organisasjonslivet i fylket.

Det har blitt gjennomført lokale samlingar på Nordfjordeid og i Førde. Her vart lokale frivillige invitert for å diskutere utfordringar og moglegheiter lokalt, som kan bidra til å skape lokalt engasjement og lokalt tilpassa løysingar.

Styringsgruppa er samansett av:

Dag Hovland, dagleg leiar Sogn og Fjordane Røde Kors

Åge Avedal, regionleiar 4H Nordvest

Anne Leversund, organisasjonssjef Sogn og Fjordane idrettskrins

2.1.6 Andre utdannings-/utviklingstiltak

Mål for tiltaka har vore å tilføre etterspurt kunnskap med høgt kvalifiserte forelesarar, lære av kvarandre og motivere for samhandling på tvers av særinteresser, miljø og fagfelt.

Stimuleringsseminar

Fredag 18. august 2017, Vassenden (Sunnfjord Golfklubb):

Inspirasjonsforedrag med Marit Wiig, president i Norges Golfforbund, som har ei lang rekkje toppverv frå både det offentlege og idretten.

Tema var «Kva skal til for å ta steget», der leiarar og andre tillitsvalte i idretten var invitert.

Deltakartal: 28

Fagseminar

Fagseminar 8. april 2016, Florø:

Målet med seminaret var setje fokus på tema «Prestasjonskultur – kva må til for å bygge kultur, skape og gjenskape prestasjonar på høgt nivå».

Tema og innlegg:

- "Kroppspress, helse og prestasjon" v/ Jorunn Sundgot-Borgen
- "Kva ligg i botn for stadig å få fram utøvarar som presterer på høgt nivå? Kva er vi gode på og kva trur vi andre kan lære av oss?" v/ Jørund Årdal og Ole Morten Mardal, Gloppen Friidrettslag
- "Alt handler om kultur og ledelse for å bygge prestasjonskultur" v/ Bjørge Stensbøl

Deltakartal: 63



Bjørge Stensbøl



Jørund Årdal

Idrettens Møteplass

Intensjonen med «Idrettens Møteplass» er å etablere ein årleg felles møteplass for idretten i Sogn og Fjordane, der idrettskrinsen og særkrinsar/regionar kan legge eigne møter/tiltak i tillegg til fellesdelar med tverridrettsleg innhald. Ein vil kunne utnytte meir effektivt ressursbruken, både kostnad og organisering, og tidsbruken, til både arrangør/tilretteleggjarar og målgruppa.

På møteplassen kan alle i idretten i Sogn og Fjordane møtast på tvers - tillitsvalte, frivillige, tilsette, trenarar, føresette og utøvarar frå særkrinsar/regionar, idrettsråd og idrettslag.

Idrettens Møteplass 2017, 11. november Sogndal (Sogndal vgs.):

Temaet for møteplassen var fokus på allsidig grunnlag og trening på tvers.

Dei ulike delane av møteplassen bestod av:

- Felles forum med foredraget «Allsidig grunnlag for å nå toppen» v/ Johan Kaggestad
- Ulike forum;
 - Idrettsrådsamling
 - Kurs i økonomistyring for idrettslag
 - Haustmøte Sogn og Fjordane Skikrins
 - Ope lagleiarmøte Sogn og Fjordane Orienteringskrins
- «Treningssamling på tvers» - ei tverridrettsleg treningssamling for utøvarar mellom 12 og 16 år med basistrening ved Mathias Lilleheim, Even Hole og Reidun Bergheim.

I tillegg var det bokslepp av boka «50 idrettsheltar frå Sogn og Fjordane» av Rune Fossum Lillesvangstu/Selja Forlag.

Deltakartal: Ca. 180 (130 på foredrag/møter, 50 på treningssamling)



Foredrag med Johan Kaggestad på Sogndal vgs.



«Treningssamling på tvers» i Sogndal idrettshall

Suksessformelen!
Hente impulsar og læring på tvers av særiddrettar, interesse, miljø og fagfelt

2.2 Organisasjonsmål

2.2.1 Idrettslaga – idrettsråda – særkrinsane/regionane – den frivillig innsats

Mål: Idrettslaga er godt rusta til å møte framtida der idrettsråd, særkrinsar/regionar og idrettskrinsen utgjer gode støttefunksjonar for lokalidretten, og det frivillige arbeidet i idretten er halde ved lag og styrka.

Idrettslaga

Medlemstalet i dei 188 idrettslaga pr. 31.12.16 var 44 257 eller i overkant av 40 prosent av innbyggjarane. Om lag 18 000 barn og ungdom i aldersgruppa 6-19 år deltek i idrettslaga sine aktivitetar i fylket, noko som er nær 90 % av innbyggjarane i aldersgruppa.

Idrettslaga er grunnmuren i idretten og bidreg til å skape trygge og gode oppvekstmiljø for barn og unge i fylket. Det frivillig arbeid er bærebjelken idrettsarbeidet og ein føresetnad for å ha gode tilbod i alle lokalmiljø. Frivillig arbeid gir ei ideell verdiskaping, er samfunnsbyggjande, skapar fellesskap, gir kompetanse og aukar samfunnet sin sosiale kapital.

Fylket vårt har tradisjon for å vere eit stort dugnadsfylke og det er heilt naturleg å stille opp for fellesskapet. Den største utfordringa vår ligg likevel i å støtte opp om frivillig arbeid og ta vare på dei mange eldsjelenene, der vi må vere flinke til å vise til dei positive opplevingane og kompetansen ein får med seg i arbeidet. Særleg må innsats med å sikre nye generasjonar av frivillige ha stor merksemd, der terskelen ikkje må vere for høg for å ta på seg oppgåver i idretten.

God kompetanse på trenar- og leiarsida er ein suksessfaktor for å auke rekrutteringa av barn og unge, og halde ungdom lengre i organisert aktivitet. Ein avgrensande faktor for utvikling av aktiviteten i idrettslaga er kapasitet på leiar- og trenarsida. Dette reduserer moglegheitene til å legge til rette for fleire differensierte aktivitetstilbod. I tillegg kan knappe tidsressursar hjå frivillige avgrense moglegheitene til å skaffe seg meir kompetanse som trenar og leiar. I rekrutteringa til oppgåver i idretten må ikkje terskelen vere for høg, og den kan styrkast ved å tilby lågterskel kompetansetiltak. Kompetanseutvikling må vere ei prioritert oppgåve i idrettsorganisasjonane.

Målet i Handlingsplan 2016-2020 om å arbeide for å gjere kvardagen enklare for idrettslaga er følgt opp m.a. med;

- informasjonstenester, rådgiving og rettleiing
- skulering på styrearbeid i idrettslaga
- kurs i elektroniske medlemsregistrering og rapportering
- klubb utvikling/klubbesøk
- økonomikurs
- erfaringsutveksling og kunnskapsutvikling gjennom fellesmøte for idrettsledda

Det vart gjennomført ei kartlegging av medlemssystem og organisasjon i idrettslaga våren 2017, og med oppfølging av denne i etterkant. I tillegg vart informasjon frå samordna rapportering følgt opp.

Idrettsråda

Pr. 31.12.17 er det 16 idrettsråd i fylket. I dei 10 andre kommunane (med mindre enn 3 idrettslag) tek det største idrettslaget i vare idrettsrådsfunksjonen.

Idrettsråda har ein viktig idrettspolitisk funksjon som felles talerøyr for idrettslaga inn mot kommunen for å oppretthalde og betre rammevilkåra for idretten lokalt. Styra i idrettsråda er viktige bidragsytarar i planprosessar med kommunedelplanar for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, ved å sikre areal i samband med offentleg planarbeid og ved bygging av idrettsanlegg. Dei deltek i prioritering av søknader om spelemidlar og innstilling til løyving av kommunale midlar til idrettslaga, gjev uttale til kommunen i alle saker av felles interesse for idretten lokalt, og fordeler lokale aktivitetsmidlar (LAM) til idrettslaga (sjå eige punkt).

Idrettsråda har sentrale møteplassar for utvikling av idretten i lokalmiljøa. Årsmøta og andre fellesmøte i regi av idrettsråda, er viktige arenaer for dialog og samhandling mellom idrettslaga og styret i idrettsrådet, og med idrettskrinsen.

Idrettskrinsen har følgd opp idrettsråda med rettleiing m.a. i samband med fordelinga av lokale aktivitetsmidlar, samarbeid mellom idrettslaga i kommunen, og samarbeid mellom idrettsrådet og kommunen.

Delmålet om at alle idrettsråd skal ha samarbeidsavtale med kommunen har blitt arbeidd aktivt med, og pr. 31.12.17 hadde 11 idrettsråd inngått avtale og 2 idrettsråd var i avtaleprosess.

På samlinga med idrettsråda på Idrettens Møteplass i 2017 var tema kommunesamanslåing og prosess for idrettsråda. På bakgrunn av dette tok idrettskrinsen initiativ til å starte dialog for oppstart av prosess for dei kommunane som har komme lengst i arbeid med samanslåing av kommunar.

Prosjektet «Ein god idrettskommune»

Prosjektet «Ein god idrettskommune - idrettsrådet som pådrivar for idretten i kommunen» vart starta i 2015 og er støtta økonomiske frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjekt er organisert i administrasjonen i Sogn og Fjordane idrettskrins.

Mål for prosjektet; gjennom eit kompetanseløft skal idrettsråda i Sogn og Fjordane ha god kompetanse på å:

- organisere og administrere arbeidet i idrettsrådstyret i tråd med lov for idrettsrådet
- ha kompetanse på anleggsplanlegging og søknadsprosessen for spelemidlar til idrettsanlegg
- ha sikra gode samarbeidsrelasjonar til kommunen, m.a. gjennom samarbeidsavtale med kommunen, og status som rådgjevande organ for kommunen i idrettssaker
- vere pådrivar for utviklingstiltak/-arbeid ovanfor sine idrettslag

Tiltak som er sett inn i prosjektet og det daglege oppfølgingsarbeidet frå idrettskrinsen ovanfor styra i idrettsråda, er med å sikre at lokalidretten har eit godt fungerande fellesorgan for idrettslaga og ein kompetent samhandlingspart og pådrivar ovanfor kommunen.

Oppfølgingsiltak ovanfor idrettsråda gir òg viktige møteplassar for idrettslaga og bidreg til å sikre dialogen mellom og med styra i idrettsrådet, idrettslaga og idrettskrinsen.

Idrettskrinsen har i perioden laga ein informasjonsbrosjyre om idrettsråd for å tydeleggjere kva eit idrettsråd er og kvifor det er eit viktig organ. Denne er blitt distribuert til alle idrettsråd, idrettslag og kommunar i fylket.

Gjennomførte tiltak i 2016 og 2017:

- 25 idrettsrådsbesøk – årsmøte til idrettsråda
- 4 idrettsrådsbesøk – opprette/sette i gang/vidareutvikle arbeidet med styret i idrettsrådet
- 2 fellessamlingar for styra i idrettsråd og styra i idrettslag med IR-funksjon (kommunar utan idrettsråd):
 - Skei 2016 (10 idrettsråd deltok)
Tema:
 - Idrettsrådet si rolle og sine oppgåver
 - Ein god idrettskommune – samarbeid og dialog mellom idrettsråd og kommune i utvikling av idretten lokalt.
Innlegg frå representantar frå to kommunar; Trond Ueland, kommunalsjef Førde kommune, og Sven Flo, ordførar Stryn kommune.
 - Erfaringsutveksling på tvers av idrettsråda
 - Sogndal 2017 Idrettens Møteplass (7 idrettsråd deltok)
Tema:
 - Idrettsrådet si rolle og sine oppgåver
 - Regionalisering.
Innlegg frå Jan Heggheim, fylkesdirektør næring og kultur S&Fj. fylkeskommune
 - Samanslåing av kommunar – prosess for idrettsråd.
Innlegg frå Meland idrettsråd
Innlegg frå Kristine Dahl, prosjektkoordinator Stad 2020
 - Erfaringsutveksling på tvers av idrettsråda
- Samhandlingstiltak med fylkeskommunen:
 - Igangsetting kommunedelplanprosessar. Møter i 6 kommunar med kommune og frivillig sektor: Fjaler, Bremanger, Selje, Sogndal og Leikanger i 2016, og Askvoll i 2017.
 - Idrettskrinsen si deltaking arbeidet med og oppfølging av «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017», har gitt bevisstheit på felles utfordringar i arbeidet med utvikling av idretten i kommunane og effekten av felles utviklingstenking.
- Informasjon/anna oppfølging frå idrettskrinsen:
 - Pådrivararbeid for å sikre målet om at alle idrettsråd har formell samarbeidsavtale med kommunen etter ein felles mal. 11 idrettsråd har avtale og 2 idrettsråd er i prosess med å få avtale på plass.
 - Oppfølging og rådgiving av enkeltidrettsråd ved ulike behov, t.d. fordeling LAM-midlar, talmateriale på omfang i kommunen (medlemstal m.m.), kommune-delplanarbeid.

Fokuset på å auke kompetansen opp mot måla i prosjektet, har gitt eit løft for denne delen i arbeidet i lokalidretten. Effekten kan m.a. målast gjennom eit auka tal møteplassar med styra i idrettsråda og tilhøyrande lokale idrettslag, betre samhandling med kommune og idrettsråda, og eit synlegare idrettsråd for lokalidretten.

Prosjektet «Ein god idrettskommune» blir vidareført i 2018.

Medlemar kommunevis og totalt:

Kommunar	2014	2015	2016
Askvoll	955	1 005	922
Aurland	427	628	658
Balestrand	599	595	557
Bremanger	1 348	1 368	1 471
Eid	2 874	2 849	2 774
Fjaler	821	1 286	1 480
Flora	4 290	4 433	3 785
Førde	3 185	3 899	4 166
Gaular	907	1 068	1 118
Gloppen	4 029	3 701	3 845
Gulen	964	966	985
Hornindal	376	287	271
Hyllestad	478	470	403
Høyanger	1 808	1 899	1 874
Jølster	1 353	1 142	1 188
Leikanger	1 086	994	843
Luster	2 286	2 190	1 950
Lærdal	965	1 061	1 049
Naustdal	1 320	1 275	1 368
Selje	1 210	1 150	1 054
Sogndal	3 767	4 281	4 193
Solund	289	344	321
Stryn	3 235	3 420	3 489
Vik	1 008	605	776
Vågsøy	1 650	1 538	1 602
Årdal	1 689	2 033	2 115
Totalt	42 919	44 487	44 257

Lokale aktivitetsmidlar (LAM)

LAM er spelemidlar etter overskotet frå Norsk Tipping.

Ordninga blei etablert som følge av Stortinget si behandling av St. meld. nr. 27 (1996-97) og tilleggsmeldinga St. meld. nr. 44 (1997-98). Tilleggsmeldinga om staten sitt forhold til frivillige organisasjonar understreka behovet for å betre rammevilkåra for frivillig, medlemsbasert virke for barn og ungdom.

Målsettinga med tilskotsordninga er å bidra til aktivitet og deltaking i medlemsbaserte foreningar som driv idrett og fysisk aktivitet for barn og ungdom. Det er laga sin primæraktivitet som skal støttast og ordninga skal understøtte den frivillige innsatsen i laga.

Idrettsrådet i den enkelte kommune fordeler midlane ut frå vedtekne kriteria.

Tildelinga av LAM pr. kommune dei siste 3 åra:

Kommunar	2015	2016	2017
Askvoll	168 406,-	179 733,-	188 867,-
Aurland	90 039,-	94 652,-	95 938,-
Balestrand	75 366,-	73 382,-	79 761,-
Bremanger	243 439,-	248 507,-	267 875,-
Eid	394 171,-	415 123,-	449 970,-
Fjaler	190 749,-	210 220,-	232 133,-
Flora	784 673,-	832 728,-	881 881,-
Førde	840 698,-	895 121,-	972 553,-
